



- eit fyrtårn i vest

Dette skjedde 2. halvår 2021



Her kan du lesa om litt av det som har skjedd i Øygarden kommune det andre halvåret 2021

Tekst: Vignleik Brekke

Foto: Olai Otterå, Bergen Havn, Kjell Andersland og Vignleik Brekke

WWW.OYGARDEN.KOMMUNE.NO

Juli og august

Kystleik i Glesvær



Dei som deltok på sommarcampen til Kystleik i Glesvær-området i juli veka fekk verkeleg vera for seg sjølv. Som ein del av dei mange sommaraktivitetane i Øygarden fekk to grupper av barn overnatta i telt på Ferøy. Totalt 1 800 barn og unge fekk tilbod om å delta i aktivitetane. Kommunen fekk ekstraordinær statleg støtte til sommaraktivitetar. Sommar i Øygarden var eit gratis tilbod for elevar på 1. - 10. trinn.

Varsel om overtredingsgebyr

I midten av juli varsla klagenemnda for offentlige anskaffingar (KOFA) at Øygarden kommune får eit overtredingsgebyr på 8,7 millionar kroner.

- Vi ser svært alvorleg på dette, og kommunen vil gje tilsvar på varselet, sa ordførar Tom Georg Indrevik. Saka gjeld rammeavtalar tilbake til 2015 i tidlegare Øygarden kommune for handverktenester innanfor åtte område.

Verdig 22. juli-minnemarkering

Rundt 60 personar var samla ved minnestøtta ved Stranda skule den 22. juli for å markera at det var 10 år sidan terrorangrepet mot regjeringskvartalet og AUF-leiren på Utøya. Alle talarane på markeringa understreka at dette var eit angrep på verdiane til Arbeidarpartiet og AUF. Det vart lagt ned fleire kransar. Biletet viser leiar i Vestland AUF, Endre Toft, som legg ned krans.



Signerte overordna samarbeidsavtale



Den 13. august signerte leiinga på Høgskulen på Vestlandet (HVL) og Øygarden kommune ein overordna samarbeidsavtale. Formålet med avtalen er å formalisera og vidareutvikla det overordna forpliktande og langsiktige samarbeidet mellom HVL og Øygarden kommune. Biletet viser frå venstre; rektor Gunnar Yttri, konstituert kommunedirektør Rune Landro og ordførar Tom Georg Indrevik.

Forseinka visitasgudsteneste

Sundag 22. august var det høgtid i Sund kyrkje. Då var det visitasgudsteneste med mellom anna biskop og ordførar på plass. Gudstenesta skulle ha vore gjennomført i november 2020 under sjølvve visitasen, men gudstenesta måtte avlysast på grunn av koronapandemien. Biletet viser frå venstre; biskop Halvor Nordhaug, sokneprest Kjell-Asle Børnes og prost Jan Tommy Fosse.



Øygarden nummer ni i Vestland fylke på NHO-barometer

Øygarden enda som nummer ni på Kommune-NM-barometeret til NHO. På landsbasis hamna Øygarden på 54. plass. NHO har rangert kommunane etter attraktivitet og lokal vekstkraft basert på næringsliv, arbeidsmarknad, demografi, kompetanse og kommunal økonomi. Talgrunnlaget er frå 2021.

September

Starta vaksinasjon av 12- til 15-åringar frå 8. september

Øygarden kommune starta tilbodet om vaksinasjon av 12- til 15-åringar onsdag 8. september. Alle som ønskte å nytta seg av tilbodet, vart bedne om å registrera seg i vaksinekø for barn.

Sotra Link skal byggja Sotrasambandet



Den 7. september presenterte Statens vegvesen kven som får OPS-kontrakten for Sotra sambandet (OPS-Offentleg-privat-samarbeid). Kontrakten, som går til Sotra Link, har ei totalramme på 23,1 milliardar kroner (2022-kroner). Den 1. juli 2027 er det opning av firefeltsveg, og prosjekt er heilt ferdigstilt 30. juni 2028. Biletet er frå pressekonferansen der prosjektleiar Arve Tjønn Rinde presenterte kontraktsvinnaren.

Etablererte marknadsplass for lokale produsentar

Den 9. september var det offisiell opning av Lokalmatringen på Straume. - Det handlar mellom anna å løfta fram norske bønder, sa dagleg leiar Preben Rasmussen. Biletet viser produsentar, samarbeidspartnarar og kommunale representantar samla på den nye marknadsplassen til Lokalmatringen.



Stortingsval 13. september

I Øygarden viste stortingsvalresultatet at Arbeidarpartiet, Senterpartiet, KrF, SV og Raudt gjekk fram. Høgre, Miljøpartiet Dei Grøne, Frp og Venstre gjekk tilbake.

Krigsmarkeringar i Klokkarvik og Rong



Laurdag 25. september var det to krigsminnemarkeringar i Øygarden. I Klokkarvik var det opning av amfi og avduking av eit minnesmerke for å markera kva som skjedde då tyskarane hørtok Noreg den 9. april og skulle passera Læreøyosen. I Fjordparken på Rong vart krigshelten Jakob



Strandheim heidra med avduking av minnestein. Strandheim, som døydde 15. oktober, var ein del av Shetlandsgjengen som frakta agentar, flyktningar og våpen mellom Vestlandet og Shetland.



Endeleg vart det offisiell opning

Spildepollen kystbarnehage har vore i bruk sidan 7. juni, men den 28. september kunne styrar Evelyn Spilde ønska barna, foreldra og dei andre gjestene velkomne til offisiell opning av barnehagen. Mathilde Øvretveit Olsen (til venstre) og Lotte Tingvoll Haganes heldt godt tak i snora då ordførar Tom Georg Indrevik klippte.

Valde Storebrand som pensjonsleverandør

Den 30. september vedtok kommunestyret at Storebrand Livsforsikring skal vera pensjonsleverandør for forsikra løysing for Øygarden kommune med verknad frå 1. januar 2022. Dette inneber oppseiing av eksisterande avtale med KLP innan 30.09.21 og flytting av eksisterande pensjonsordning med KLP innan 1. desember 2021.

Oktober

Sjueheimsbebuarar fekk oppfriskingsdose «på dagen»

Tysdag 5. oktober klokka 14 gjorde regjeringa det kjent at alle over 65 år skal få tilbod om oppfriskingsdose med koronavaksine. Seinare same dag fekk nærare 150 sjukeheimsbebuarar i Øygarden denne dosen.

Opna Pop-up-lokale i regi av Kreftforeningen



Den 12. oktober var det offisiell opning av lokala til Kreftforeningen sentralt på Sartor Storsenter.

- Vi ønskjer at foreininga skal koma inn på vår flate, seier marknadssjef Hans Jarle Einarsen. Kreftforeningen har gratis tilgang til desse lokala, i første omgang fram til jul. Pop-up-lokalet til Kreftforeningen er bemanna tre dagar i veka, tysdag, torsdag og laurdag.

94 deltok på felles middagsmåltid

- Det var fantastisk å møte likesinna på denne måten. Det sa Åslog Sherling som var ein av dei mange eldre som hadde funne vegen til Fryd på Sartor Storsenter ein torsdag i oktober. Dette var startskotet for eit nytt tiltak som er ein del av prosjektet «Leva heile livet i Øygarden». Målet er at eldre som bur heime skal ha lett tilgang på ernæringsrike måltid og at dette kan medverka til auka trivsel i kvardagen.



Johnny Breivik vert kommunedirektør i Øygarden

Kommunestyret vedtok den 28. oktober å tilsetja Johnny Breivik (54) som kommunedirektør i Øygarden kommune. Han tek over etter Rune Landro som har vore konstituert i stillinga sidan 20. mai. Breivik tek til som kommunedirektør i februar 2022. Johnny Breivik kjem frå stillinga som direktør i Bergen Havn AS.

- Johnny Breivik er ein person vi treng no, sa ordførar Tom Georg Indrevik.

Legg utkast til samfunnsplan ut på høyring

Kommunestyret vedtok den 28. oktober å leggja utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden 2022-2034 ut til offentleg høyring. I høyringsperioden vert det lagt opp til fleire digitale arrangement der innbyggjarar og lokale aktørar kan gje tilbakemelding og koma med merknader til høyringsutkastet. Grunnleggjande element i planen er berekraft, kommunen som samfunnsutviklar og senterstruktur. Planen låg ute til offentleg høyring fram til 19. desember.

- Ho står der og har noko å gje

29. oktober var det avduking av skulpturen «Lyskvinna» laga av Kari Bugge Gjerstad. Skulpturen er plassert sentralt på innbyggjartorget/biblioteket på Straume. Keramikparet Kari Bugge Gjerstad og Odd Gjerstad har sidan 1951 hatt keramikkverkstad på Ekrhovda. I 1970 var ny verkstad på Ekrhovda på plass. Etter at Odd døde i 2014, har det vore redusert aktivitet i verkstaden, men Kari har fram til i dag jamt og trutt teke seg tid til å utøva kunsten.

- Ho står der og har noko å gje, seier kunstnaren sjølv om skulpturen.



November

Viktig for å nå klimamåla



Eitt av dei aller første besøka gjennomført av den nye olje- og energiministeren, Marte Mjøs Persen, gjekk til Energiparken i Øygarden og anlegget til Northern Lights. På besøket 1. november fekk ho innføring i karbonfangstprosjektet og oppgåva selskapet Northern Lights har med skipstransport og lagring av CO2. Biletet frå venstre; prosjektdirektør Sverre Overå, olje- og energiminister Marte Mjøs Persen og administrerende direktør Børre Jacobsen.

Blomvåg skule vert lagd ned



Kommunestyret vedtok 4. november at Blomvåg skule skal leggjast ned frå skuleåret 2022/2023. Vedtaket vart gjort etter ein engasjert debatt på to og ein halv time. Mindretalet røysta imot nedlegging og ville ikkje endra skulestrukturen før ein har ein detaljert skulebruksplan på plass.

15 millionar ekstra i frie inntekter

Øygarden kommune ser ut til å få 15 millionar kroner ekstra i frie inntekter neste år. Tilleggsnummeret til statsbudsjettet som Støre-regjeringa presenterte 9. november viste elles at det ikkje er gjort endringar når det gjeld Sotrasambandet og fangst og lagring av CO2.

Ny skule i Møvika-området

I november tilrådte kommunedirektøren at ein ny skule på vestsida på Sotra bør lokaliserast i Møvika vest-området. Han hadde vurdert sju ulike lokasjonar for den nye skulen.

Samarbeid er det viktigaste

Over 300 personar var samla på Øygardskonferansen 12. november. - Det viktigaste berekraftsmålet er nummer 17; samarbeid for å nå måla, sa ordførar Tom Georg Indrevik då han innleia konferansen. Fylkesordførar i Vestland, Jon Askeland, sa at fylket vil vekk frå «overformyndartanta». - Vestland vil spela Øygarden god, dels ved å utfordra. Lag tydeleg kommunalt planverk i tide, sa han.



Gjenopna teststasjonen ved Sotra Arena

Teststasjonen for koronaviruset ved Sotra Arena vart gjenopna den 16. november etter at han vart teken ut av drift i forkant av bilmessa tidleg i november. Teltet er erstatta med to brakker plassert ved inngang 6 (transportinngang).



Nyvalde ungdomspolitikarar

Emil Øvretveit (leiar) og Ingvild Skjold (nestleiar) skal saman med dei ni andre i ungdommens kommunestyre (UKS) vera ungdomspolitikarane i Øygarden i tida som kjem. Det er klart etter at ungdommens kommunestyre konstituerte seg i november. UKS er samansett av 11 medlemmer. Etter ein prosess med rekruttering av kandidatar, vedtok kommunestyret den 28. oktober kven som skal sitja i UKS.

Desember

To påviste tilfelle av omikron-smitte i Øygarden kommune

Den 1. desember vart det påvist to tilfelle av omikronvarianten av koronaviruset i Øygarden. Personane som var smitta, hadde vore i Sør-Afrika. Dette var dei to første omikrontilfella i Noreg.



Aksjonscenter offisielt opna

Den 1. desember var det offisiell opning av aksjonscenteret på Øygarden lokalmedisinske senter (LMS). Aksjonscenteret er eit resultat av det overordna prosjektet Sjef i eige liv. Aksjonscenteret skal bidra til at eldre kan få hjelp til å bu, trivast og ikkje minst vera trygg heile dagen, sa ordførar Tom Georg Indrevik på opninga.

Brann på industriområdet på Eide

Den kommunale kriseleiinga var samla etter at det om ettermiddagen den 2. desember kom melding om kraftig brann og røyk frå gjenvinningsanlegget til Fanzefoss på Eide på Sotra. Det vart tidleg stadfesta at det ikkje var fare for radioaktiv stråling i samband med brannen.

Forskrifter om smittevern

Som ein konsekvens av auka smitte av koronaviruset, vart det i desember vedteke både nasjonale, regionale og lokale forskrifter om tiltak som skulle bidra til redusert smitte. Det har vore smitte i alle aldersgrupper. Mellom anna var det mykje smitte i barnehagar og skular.

- Museum på sitt beste!

Fylkesordførar Jon Askeland tok godt i då han stod for den offisielle opninga av Taremarebygget på Kystmuseet den 7. desember.

- De er lengst framme når det gjeld visjonane til fylket om korleis musea skal vera blant oss, sa han. I bygget vil det vera aktivitet for elevar i grunnskulen og vidaregåande skule og kurs for lærarar og visning av havbruk og energi for befolkninga i kommunen og tilreisande.



Budsjettet i hamn

Den 16. desember kunne ordførar Tom Georg Indrevik slå klubba i bordet og med det markera at budsjettet for 2022 og økonomiplanen for 2022-2025 var vedtatt. Det var framlegget til fleirtalspartia Høgre, Frp, Sotralista, KrF og Venstre som vart vedteke. Budsjettet har ei ramme på 2,9 milliardar kroner. Det skal investerast for 174 millionar kroner i 2022.

Det var også kommunestyremøte den 15. desember. Då godkjente kommunestyret mellom anna bygging av teknisk servicebygg i Skogskiftet.

Delte ut tre prisar



På kommunestyremøtet den 15. desember vart det delt ut tre prisar. Linda Telle (biletet) fekk Kulturprisen for sitt mangeårige engasjement for korpsrørsla og musikklaget Fjellklang. Folkehelseprisen gjekk til Heine Ruben Hammer for etablering av «Planteskogen». Tilgjengeprisen gjekk til Gulenakken Båthavn på Liaskjeret som er tilrettelagt for mange grupper med funksjonsnedsetjingar. I samband med Nissefesten på Straume den 5. desember vart Shahnas Fadaie tildelt Frivilligprisen.